

SVEIO KOMMUNE

KONTROLLUTVALET ÅRSMELDING

2015



KONTROLLUTVALET
SVEIO KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemد og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta og handsama i 2015.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "**kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret**".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2011 - 2015 har Sveio kontrollutval hatt følgjande medlemmer:

| Faste medlemmer | Personlege varamedlem: |
|--|-------------------------|
| Leiar Håkon J. Skimmeland (Ap) | Heidi Nilsen Njøen (Ap) |
| Nestleiar Kirsti Henden Tveitaskog (Sp) | Lars Vierdal (Sp) |
| Medlem Andreas Bårtvedt (H) | Kåre Ekrene (H) |
| Medlem Tor Røkenes (V) | Bjørnar Økland (MDG/SV) |
| Medlem Oddbjørg Hovland (MDG/SV) | Hildur Larsen (Kp) |

Håkon J. Skimmeland har også vore kommunestyrerrepresentant. Leiar og nestleiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

For valperioden 2015 - 2019 har Sveio kontrollutval vald følgjande medlemmer:

| Faste medlemmer | Numeriske varamedlem: |
|---|-----------------------------|
| Leiar Olav Haugen (KrF) | 1. Svein Nesse (V) |
| Nestleiar Ole-Ørjan Hov (MDG) | 2. Sissel Lier Høiness (Ap) |
| Medlem Heidi Selsås (Ap) | 3. Haldis R. Stueland (KrF) |
| Medlem Hans Christian Andersen (Frp) | 4. Svein Olaf Bua (H) |
| Medlem Torill Hagland (H) | 5. Helga Reinertsen (Sp) |

Ole-Ørjan Hov er utvalet sin kommunestyrerrepresentant.

Utvalet hadde sitt første møte 8. desember 2015.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ruth Eriksen har i sin periode ikkje nytta seg av denne retten. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han møtte tre gonger i fjar. I tillegg har økonomisjefen og kommunalsjef Tollefsen møtt ein gong.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2015

Kontrollutvalet har i 2015 hatt **6** (5) møte fordelt på tre om våren og tre på hausten. Kontrollutvalet sine møte er opne for publikum og presse med unnatak av når det er heimel i lov å lukke. Utvalet held sine møte i kommunestyresalen i rådhuset.

Utvalet har i 2015 hatt **34** (32) saker til handsaming der **6** (5) av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. **47** (30) saker er blitt lagd fram til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund i februar deltok ingen frå Sveio. Det var heller ikkje nokon på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i juni.

På felles opplæringskveld i november for nye medlemmer deltok tre medlemmer (Haugen, Hov og Hagland). På dagskonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes i desember deltok to av medlemmene (Haugen og Hov).

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap og rekneskap til kommunale føretak vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 20.04.15 kommunen sin årsrekneskap for 2014 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen for 2014 gjort opp med eit driftsoverskot på kr 1,5 mill.

Uttale til rekneskap for Ryvarden Kulturfyr KF og Sveio Bufellesskap KF blei godkjent i same møte. Kontrollutvalet hadde her ikkje merknader til rekneskapen.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen. Sveio kommune sin plan for 2012-2016 blei vedteken av kommunestyret i møte 22.10.12, sak 101/12.

Utvalet bestilte forvaltningsrevisjon om temaet «Sakshandsaming, service og haldningar» i januar etter at KPMG la fram framlegg til prosjektmandat i det same møtet. Ramma vart sett til 200 timer for prosjektet.

Rapport blei lagd fram i oktobermøtet. Revisor hadde følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

1. *Kommunen bør gjere tiltak for å sikre at kommunen etterlev lovfesta tidsfristar i sakshandsaming av enkeltvedtak innanfor område skule. Herunder sikre at det vert gitt eit førebels svar i alle tilfelle kor ein ser at ein førespurnad som gjeld enkeltvedtak ikkje kan svarast på innan ein månad.*
2. *Kommunen bør gjere tiltak for å sikre større tryggleik for at ein yt god service på alle områder i kommunen:*
 - a. *Sikre lik grunnleggande praksis for service. Til dømes gjennom*
 - i. *å skildre og kommunisere kva ein legg i målsettinga om å vere ein god servicekommune,*
 - ii. *å opprette og gjere kjend ei felles grunnleggande prosedyre for serviceåtferd ved elektroniske, papirbaserte og munnlege førespurnadar.*
 - b. *Vurdere å innføre systematisk opplæring i "kundehandsaming" i einingar i kommunen som har utstrakt innbyggjarkontakt.*
 - c. *Utføre innbyggjar-/brukarundersøking med jamne mellomrom for å måle servicegrad og oppnå relevant informasjonsgrunnlag for kontinuerlig forbetningsarbeid.*

Kommunestyret vil få rapporten til handsaming i mars 2016, då det var ønskeleg at saka ikkje blei lagd fram budsjettmøtet i desember: Utvalet har tilrådd at rådmannen gjer tilbakemelding om oppfølging av rapporten innan 12 månader.

I kommunestyrevedtak om rapport om spesialpedagogiske tiltak, frå hausten 2014 blei det også bede om tilbakemelding. Rådmannen ga sin tilbakemelding til kontrollutvalet i desember om kva tiltak som var sett i verk. Han skreiv mellom anna:

Rådmannen har tru på at den gjennomgang som rapporten har resultert i ytterlegare kvalitetssikrar tenesta til beste for våre skulebarn og elevar. Det er likevel viktig å vere klar over at resultat og mål må sjåast i eit lengre tidsperspektiv

Saka blei oversendt kommunestyret til orientering.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltinga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2012-2016 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 22.10.12, sak 100/12.

Kontrollutvalet vedtok i 2014 å delta i selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i lag med dei andre eigarkommunane. Det er revisjonsfirmaet Deloitte As som gjennomførte prosjektet, og rapport var klar i mars 2015.

Deloitte hadde sett etter om selskapa har etablert system og rutinar for å sikre at selskapa vert drive i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. Det blei avdekka nokre få forbetringspunktar, og det blei sett ein frist på 12 månader for tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane.

Utvalet fekk ein tilbakemelding om oppfølging av selskapskontrollen i SIM i møtet i oktober. SIM Tankrenovasjon AS blei etter kontrollen kjøpt opp av SIM Næring AS. Dette selskapet er nå kjøpt opp av svenske Ragn-Sells AS.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor.

KPMG AS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Willy Hauge med kontor på Stord. Han møtte i aprilmøtet. Forvalningsrevisorane har kontor i Bergen og har møtt i tre av møta i 2015.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Dei har i 2015. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvalningsrevisjonsarbeidet.

Kontrollutvalet har i 2015 gjennomført ny anbodskonkurranse om revisjonstenestene for perioden 2016-2020. Anbodsgrunnlaget blei lagd fram utvalet i april og anbodsfrist blei sett til 11.08.15.

Det blei levert inn to anbod (Deloitte og KPMG). Sak om val av revisor ble lagd fram for utvalet i september. Kommunestyret tilrådde kontrollutvalet si innstilling å velje Deloitte AS som kommunen si revisor i møte 14.12.15, sak 100/15 for dei neste fire år. Kommunen har opsjon til å forlengje avtalen med 2 år.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Eit medlem av kontrollutvalet tok i junimøtet opp om det var grunnlag for å be om nærrare innsyn i kommunestyresak 38/15, seinare omtala som «varslingssaka mot rådmannen».

Utvalet blei samd i at utvalsleiar skulle ta kontakt med revisor om kva utvalet kunne få innsyn i og om det var trøng for eige vedtak om innsyn i varslingssaka.

I møtet i september vedtok utvalet at dei ønsktes innsyn i dokumenta som var lagd fram for kommunestyret i juni . Det blei vist til kontrollutvalsforskrifta § 5.

Utvalet fekk dokumenta utdelt i møtet i oktober og handsama saka i lukka møte. Utvalet drøfta prosessen rundt saka. Utvalet reagerte på at kontrollutvalet ikkje var blitt informert om pågående prosess og bruk av KS som ekstern konsulent. Utvalet meinte at slik hemmeleg-gjering ikkje gagna innbyggjarane sin tillit til kommunen, og rådmannen spesielt.

Kontrollutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har gått igjennom dokumentene som ble lagt fram i kommunestyret sitt møte 15.06.15, sak 38/15 – varslingssaka mot rådmannen og vil oppfordre det nye kontrollutvalget å påse at kommunestyrevedtaket blir fulgt opp.

I november møtte rådmann og orienterte om framlegg til budsjett 2016 og økonomiplan. Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, tertialrapportar, budsjettvedtak, KOSTRA-tall osv.

5 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

| ANSVARSMRÅDE 10010 REVISJON OG KONTROLLUTVAL | REGNSKAP 2015 | BUDSJETT 2015 | REGNSKAP 2014 |
|---|--------------------|----------------|----------------|
| Godtgjersle, kurs, m.m | ca. 30.000 | 46 000 | 24 5999 |
| Revisjonstenester (avt m/priv.) | 292.008 | 373 000 | 299 886 |
| Sekretariatstenester ((IKS)) | 153 000 | 153 000 | 147 000 |
| Sum utgifter | Ca. 475.008 | 572 000 | 443 488 |

Kontrollutvalet handsama hausten 2015 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2016. Framlegg til budsjett var på kr 590.000 eks mva. Timetalet til forvaltnings-revisjon og selskapskontroll ligg på eit minimum.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 10 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med fire revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Selskapet har i 2015 gjennomført brukarundersøking og markert 10 års jubileum på representantskapsmøtet i april. Det blei her framheva at sekretariatet har fått gjennomgåande positive tilbakemeldingar, men som forbetring kan dei bli betre kjent, som ledd i å styrke kommunane sitt kontroll– og tilsynsansvar.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Sveio kommune har Håkon J. Skimmeland vald til representantskapet i IKSet med Oddbjørg Hovland som varamedlem. Skimmeland møtte på møtet 27.04.15.

For perioden 2015-2019 er Olav Haugen blitt valgt som medlem og med Ole-Ørjan Hov som varamedlem.

7. OPPSUMMERING

Det har vore eit møte meir enn planlagt. Det har vore lagt fram to rapportar. Administrasjonen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om underveis gjennom året. Ved sekretariatet har det vore eit arbeidskrevjande år pga. anbod for ni kommunar og skifte av kontrollutval i haust.

Sveio, den 26.01.16

Kontrollutvalet i Sveio

Olav Haugen
leiar (sign.)

Ole-Ørjan Hov
(sign.)

Torill Hagland
(sign.)

Heidi Selsås
(sign.)

Hans Christian Andersen
(sign.)

OVERSYN OVER SAKER – SVEIO KONTROLLUTVAL 2015

Saker til behandling:

- 1/15 Godkjenning av protokoll fra møte 25.11.14
- 2/15 Referat- og orienteringssaker 10.02.15
- 3/15 Utkast til prosjektmandat – forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Sakshandsaming, service og haldningar»
- 4/15 Kontrollutvalet si årsmelding 2014

- 5/15 Godkjenning av protokoll fra møte 10.02.15
- 6/15 Referat- og orienteringssaker 20.04.15
- 7/15 Sveio kommune – uttale til årsrekneskapen for 2013
- 8/15 Ryvarden Kulturfyr KF – rekneskap og årsmelding 2013
- 9/15 Sveio Bufellesskap KF – rekneskap 2013 m/noter
- 10/15 Rapport – selskapskontroll – Haugaland Kraft AS og Næringspark AS
- 11/15 Konkurransegrunnlag – anbod på kjøp av revisjonstjenester 2016-2020

- 12/15 Godkjenning av protokoll fra møte 20.04.15
- 13/15 Referat- og orienteringssaker 16.06.15
- 14/15 Oppfølging av forvaltningsrevisjon – «Spesialpedagogiske tiltak» – Ny frist
- 15/15 Forvaltning.rev. – «Sakshandsaming, service og haldningar» - ny framdriftsplan

- 16/15 Godkjenning av protokoll fra møte 16.06.15
- 17/15 Referat- og orienteringssaker 08.09.15
- 18/15 Revisor si eigenerklæring 2015
- 19/15 Budsjett 2016 - kontroll og tilsyn -kontrollutvalet si innstilling
- 20/15 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode 2011-2015
- 21/15 Val av revisor for perioden 2016- 2020
- 22/15 Varslingsaka mot rådmannen – krav om innsyn

- 23/15 Godkjenning av protokoll fra møte 08.09.15
- 24/15 Referat- og orienteringssaker 01.10.15
- 25/15 Forvaltningsrevisjonsrapport - «Sakshandsaming, service og haldningar»

- 26/15 Kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar
- 27/15 Godkjenning av protokoll fra møte 01.10.15
- 28/15 Referat- og orienteringssaker 08.12.15
- 29/15 Statusoversikt over utvalet sine prosjekt
- 30/15 Oppfølging av forvaltningsrevisjon «Spesialpedagogiske tiltak»
- 31/15 Orientering om budsjettframlegg for 2016 og økonomiplan 2016-20
- 32/15 Revisjonsplan 2015
- 33/15 Utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016- 2020 – bestilling av overordna analyse og planar
- 34/15 Møteplan for 2016

Referat- og orienteringssaker 2015 til Sveio kontrollutval

1. e-info 15/1 – redusert oppbevaringstid for regnskapsmateriale
2. Om Deloitte si rapport om evaluering av kontrollutval og kontrollutvalgssekretariata
3. Om skatteinntektene 2014 generelt og på landsbasis
4. Årsrapport og skatterekneskap 2014 - skatteoppkrevjaren i Sveio kommune
5. Bernt svarer: «Åpne styremøte i kommunale foretak må gjøres kjent»
6. Rekneskapstall 2014 – ansvarsområde 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
7. Statusoversikt februar 2015
8. Statusoversikt april 2015
9. Skatt vest - kontrollrapport 2014 om skatteoppkrevjarfunksjonen for Sveio kommune
10. Innkalling- representantskapsmøte 27.04.15-Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
11. Innkalling- representantskapsmøte 29.04.15- SIM IKS
12. Kommunal Rapport 19.03.15 om rekneskapsresultata i landets kommunar
13. Kommunal Rapport 20.03.15 om regjeringa si oppgavemelding
14. Hgsds Avis 24.03.15 om selskapskontroll i Haugaland Kraft AS
15. Status – forvaltningsrevisjonsprosjekt
16. Statusoversikt juni 2015
17. Komm.styrevedtak 11.05.15, sak 26/15 – Rapport – selskapsktr - Haugaland kraft AS
18. Komm.styrevedtak 11.05.15, sak 34/15, 36/15 og 37/15 – rekneskapssakene 2014
19. Representantskapsmøtet 27.04.15- Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
20. Representantskapsmøtet 29.04.15- SIM IKS
21. Orientering fra FKT-konferansen 3. – 4. juni 2015
22. Generalforsamling 01.06.15 – Haugaland Kraft AS
23. Innkalling til generalforsamling 12.06.15 – Haugaland Vekst IKS
24. Innkalling til generalforsamling 16.06.15 – Haugalandspakken AS
25. Statusrapport pr. september 2015
26. Kommunestyrevedtak 15.06.15, sak 46/15 - Papirlause politiske møte
27. NKRF overtar sekretariatet for FKT
28. Bernt svarer: Kan offentlighetsloven brukes for å lukke møter?
29. Datatilsynet – gebyr for avvik hos kommuner
30. KS Bedrift – Offentlige innkjøp blir litt enklere fra 1. juli
31. Kommunal- og mod.dept. – prinsipputtalelse – KUs rett til å være til stede og referere
32. Statusrapport pr. oktober 2015
33. Innsyn i dokument lagt fram i kommunestyret 15.06.15, sak 38/15 - Varslingssaka
 - Arbeidstilsynets rapport – *Ikkje offentleg, jf. OFL § 23.3*
 - medarbeidarundersøkinga 2015
34. Oppfølgjing av selskapskontroll i SIM IKS
35. Val av kontrollutval for perioden 2015-2019 – brev frå FKT og NKRF
36. Melding om politisk vedtak 29.10.15 - val av kontrollutval for perioden 2015-2019
37. Teiepliktserklæring for kontrollutvalet
38. Reglementet for Sveio kontrollutval
39. Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for 2016
40. Tilbakemelding - informasjonsmøtet for nye kontrollutval i Aksdal 12.11.15
41. Påmelding - FKT sin Haustkonferanse i Sandnes 10.12.15
42. Deltaking/påmelding - NKRFs kontrollutvalgskonferanse Gardermoen 3. – 4.02.16
43. Tilbod frå KPMG - kurs for nye kontrollutval
44. Retningslinjer for selskapskontroll i Sveio kommune
45. Hamnerådsmøte 19.11.15 - Karmsund Havnevesen IKS
46. Hamnerådsmøte 20.11.15, kl. 13.00 - Karmsund Havnevesen IKS
47. Representantskapsmøte 11.12.15 – Haugaland Vekst IKS